



Miljødirektoratet  
PB 5672 Sluppen  
7485 Trondheim

Vår ref.: 2014/10

Dykkar ref.: 2014/3727

Dato: 9.5.2014

## Genmodifisert, sprøytemiddel- og insektresistent soya

### **Søknad EFSA/GMO/NL/2013/116: Soya DAS-81419-2 frå Dow AgroSciences til import, prosessering, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003 (første innspelsrunde)**

Bioteknologinemnda har motteke høyringsbrevet frå Miljødirektoratet datert 1.4.2014, og stiller no spørsmål som vi meiner produsenten bør gjere grundigare greie for før søknaden eventuelt skal sluttbehandlast i Noreg. Etter at produsenten har kommentert spørsmål og merknader frå EU/EØS-landa, ønskjer Bioteknologinemnda å få søknaden på ny høyring.

Soyaen DAS-81419-2 er genmodifisert til å tole sprøytemiddel med glufosinat-ammonium. Det er òg sett inn to gen som gjer at planten produserer proteina Cry1F og Cry1Ac, som verkar som insektgift. Desse proteina skal gjere soyaen resistent mot visse sommarfugllarvar.

Genteknologiloven krev at både helse- og miljørisiko, bidrag til berekraftig utvikling, samfunnsnytte og etiske forhold skal vurderast når nokon har søkt om å få godkjent ein genmodifisert plante. Bioteknologinemnda har arbeidd med å konkretisere korleis omgrepa berekraft, etikk og samfunnsnytte skal forståast. Vi viser til rapportane *Sprøytemiddelresistente genmodifiserte plantar og berekraft* (Bioteknologinemnda, 2013)<sup>1</sup> og *Insektresistente genmodifiserte planter og bærekraft* (Bioteknologinemnda, 2011)<sup>2</sup>, der vi mellom anna har formulert spørsmål til dei som søker om godkjenning av genmodifiserte plantar. Bioteknologinemnda ber om at Dow AgroSciences må svare på desse spørsmåla.

---

<sup>1</sup> [www.bion.no/filarkiv/2013/12/Berekraftrapport\\_web.pdf](http://www.bion.no/filarkiv/2013/12/Berekraftrapport_web.pdf)

<sup>2</sup> [www.bion.no/filarkiv/2011/06/rapport\\_baerekraft\\_110627\\_web.pdf](http://www.bion.no/filarkiv/2011/06/rapport_baerekraft_110627_web.pdf)

I tillegg bør selskapet svare på om denne soyasorten er eit betre alternativ for Noreg enn andre soyasortar som finst på marknaden, og i så fall korfor.

Med helsing

Kristin Halvorsen  
leiar

Sissel Rogne  
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Mattilsynet